



Uskedalen har mange attraksjonar og turmål å syna fram når Reisemål Hardangerfjord kjem til Uskedalen onsdag 14. februar. Ulvanoso og Fjellansbø er det meste kjende turmålet på nasjonalt plan.

Onsdag i neste veke kjem 3 tilsette i Reisemål Hardangerfjord til Ukedalen for å gjera seg kjende med kultur- og naturattraksjonar i bygda. Bakgrunnen er at Kvinnherad er innmeld i Reisemål Hardangerfjord. Det er lagt opp til eit stramt program med korte stopp på kvar av dei aktuelle turmåla.

Karen Løvfall frå Kvinnherad turistkontor er vertskap for delegasjonen. Dagen startar på Halsnøy. Besøket i Uskedalen tek til i 11.30 tida med stopp på Elins Matgleder. Etter det er det Friheim Gardsmat og Ulvanoso før turen går til Haugland skulemuseum.

Dønhaug Gjestegard og Solheim Turiststasjon er sjølvstapt ein del av 'bli kjend' turen. På Dønhaug vil ein sjå plassen der Festidalen har sin arena. Sentrum med Rabben Feriesenter, Øyro Marina og Båthamna er lagt inn i reiseruta. Det same er Bygdetunet Rød.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal